

Informasjon til føresette for elevar ved Volda vgs

Som alle sikkert er kjent med er Volda vgs. og dei andre vidaregåande skulane i fylket stengt for undervising til og med fredag 27.3.2020. Det er grunn til å tru at denne stenginga kan bli vidareført ut over denne perioden.

Vi har per. i dag ikkje fått melding om at nokon av våre elevar eller tilsette er smitta av koronaviruset.

Det har vore dialog mellom skulen og nokre elevar/føresette der det har vore gjennomført testing, men desse testane har vore negative (ikkje smitte). I stengings-perioden ønskjer skulen beskjed dersom nokon av elevane får påvist koronasmitte. Då gjer skulen ei vurdering saman med helseapparatet om, og ev. korleis, vi skal gjennomføre varsling av medelevar/føresette om smittetilfellet, for å motverke ytterlegare spreiding.

Det aller viktigaste no er å bidra til å motverke ytterlegare spreiding av viruset, ref. styresmaktene sine tiltak og oppfordringar.

Vi gjer særleg merksam på dei meldingar om at mange ungdomar ikkje ser ut til å ta oppfordringane om å ikkje samlast på alvor. Vi ber om at de som føresette bidreg for å hindre at ungdomane søker saman på andre sosiale arenaer (kjøpesenter, kafear, private festar mv).

Volda vgs. sette i verk tiltak mot smitte for fleire veker sidan, og førebuingar til ein situasjon med fjernundervising allereie frå onsdag.

Elevane fekk beskjed om at læremidlar (bøker, pc-ar mv.) skulle takast med heim.

Beskjeden vi fekk om at skulen skulle stenge ned frå og med fredag 13.3, vart effektivt i god orden. Kroppsøvingsaktivitetar vart straks innstilt. Alle elevane møtte kontaktlæraren sin i "klassens time" med omfattande gjennomgang av dei smittevernstiltaka som styresmaktene har publisert, i tillegg til eigne råd og tips etter å ha konferert med kommunelækjaren/kommunalt kriseteam Volda kommune. Våre elevar skal dermed vere godt opplyste om smittevegar for koronaviruset, og dei aller viktigaste tiltaka for å motverke smitte.

Ved å fullføre skuledagen for elevane (med unntak av kroppsøving), fekk vi nettopp informert alle elevane gjennom «klassens time». I tillegg unngikk vi ein situasjon der 150-200 elevar var samla i fellesrom for å vente på busstransport heim.

I dagane før skulen vart stengt, hadde vi omdisponert reinhaldsstyrken vår til å prioritere kontaktpunkt mv., i tråd med tilrådingane for reinhaldsrutinar i slike situasjonar.

I eitt tilfelle var ein elev inno skulen før han vart sendt i karantene. Det medførte umiddelbare tiltak: klasserommet vart tømt for elevar, som gjennomførte pålagt handvask. Klasserommet vart deretter grundig reingjort.

Informasjonsbehovet.

Vi vil heilt sikkert oppleve store utfordringar og ein massiv pågang frå elevane våre i dagane framover, i samband med omlegginga til fjernundervising. For å lette på dette trykket vil vi leggje ut relevant informasjon på skulen si heimeside, slik at de sjølve kan orientere dykk og få svar.

Dersom de likevel lurar på noko, så ta kontakt med skulen. Sjå kontaktinformasjonen nedst i dette brevet.

Læremiddel til heimebruk

Ikkje alle elevar har fått med seg alt dei treng for å kunne gjennomføre læringsarbeidet som det vert lagt opp til heime. Elevar som er i ein slik situasjon, må hente, eller få nokon andre til å hente, det som trengs. Ta kontakt med skulen på førehand.

Ekspedisjonen på øvre bygg vil vere open kvar dagar mellom klokka 09.00 og 15.00, vend deg dit. Bruk hovudinngangen frå skuleplassen, den er open. Følg instruksjonen på oppslaget som du ser straks du er innanfor døra.

Måndag 16.3, første ordinære dag for heimeundervising

Den dagen vil bli disponert til å etablere den første kontakten (digitalt) mellom kontaktlærer og elevane. Alle elevar skal vere pålogga læringsplattforma **itslearning** kl. 10, då startar vi gjennomføringa av ein *klassens time*.

Føremålet er å trygge elevane i denne nye situasjonen, gi all informasjon som trengs, svare på dei spørsmåla elevane måtte ha, og sikre at alle elevar har dei IT-baserte læremidla som vil bli brukte framover tilgjengelege og funksjonelle. Det vil i all hovudsak vere læremiddel som elevane allereie i stor mon brukar (*google disk og itslearning*).

Vi ynskjer at de heime legg til rette for og minner ungane dykkar om at dei skal vere klare kl. 10 måndag. Det er viktig for oss at vi denne første timen når alle. Dei som vi ikkje når vil bli oppringt eller kontakta på andre måtar.

Første dag vil ikkje elevane ha ordinær undervising med sine faglærarar, berre eit kontaktmøte med kontaktlærar. Dei bør likevel sjå på arbeidsplanane i faga sine, og byrje på læringsarbeidet dei skal gjennomføre i løpet av veka. Dei skal óg ev. laste ned og installere naudsynt programvare.

I dag laurdag 14.3 ca. kl. 17 vert det på *itslearning* publisert meir og grundig informasjon til elevane om opplegget for heimeundervising.

Plan for heimeundervising

Den ordinære skuletimeplanen vil bli oppløyst, og vi lagar ny plan for heimeundervisinga. Den vil vere basert på større bolkar, der elevane max. har tre fag pr. dag. Det vert og lagt opp til større fleksibilitet i forhold til når elevane skal gjere læringsarbeidet, t.d. på ettermiddag, kveld om det høver betre. På gitte tidsrom vil faglærarane vere tilgjengeleg for kommunikasjon med elevane sine, og det vil óg bli avtala tidspunkt for online undervising synkront og i sanntid. Dette vil det bli informert grundig om på måndag 16.3.

Elevar som har **spesialundervising og særskild språkoppføring**, vil få vidareført tilbodet når dei no må vere heime. Det vil kome informasjon om korleis vi organiserer dette, og faglærarane vil ta kontakt.

Når det gjeld **vurderingspunkta** (prøvene) på heilårsplanane til klassene, tek vi no ein gjennomgang av dei. Vi vurderer omfang/arbeidsmengde, progresjon, tidfesting og sjølvstøtt vurderingsformer. Nokre vurderingsformer er veileigna i ein heimesituasjon, og elevane må rekne med å gjennomføre vurderingspunkt heime. Skulen skal framleis oppfylle kravet i §3.1 i *Forskrift til opplæringslova* om elevane sin rett til vurdering, og leggje til rette for det. Hovudmålet er å sikre eit rettvisst vurderingsgrunnlag for å setje standpunktkarakter, som kjem på vitnemålet til eleven.

Dersom ein elev ikkje deltek på avtala prøver, ikkje leverer arbeid som skal vurderast og liknande, vil det medføre ordensmerknad og ev. fare for karaktergrunnlaget i faget. Unntak er sjølvstøtt ved sjukdom eller andre gode grunnar. Ein tek då kontakt med faglærer, helst på førehand.

Elevane sin sosiale situasjon

Vi er no i ein sosial unntakstilstand, som for mange kan opplevast som ei belastning, både unge og vaksne. Vi veit at mange opplever den daglege kontakten med medelevar og lærarar på skulen som noko positivt. Vi som skule er innstilte på å ha god kontakt med elevane våre i denne perioden, sjølv om den vert vanskeleggjort. Elevane skal vite at dei kan ta kontakt med oss både om sosiale og faglege forhold, som dei gjer elles i skulekvardagen. Både kontaktlærarane og rådgjevarane sine funksjonar overfor elevane held fram som før.

Vi ber også føresette og foreldre ha ekstra merksemd på inkludering/utestenging av ungdommar, i situasjonen som er.

Samarbeid skule – heim

Når elevane skal ha skule heime, seier det seg at samarbeidet mellom skule og heim skal vere best mogeleg. Vi prøvar å informere så godt vi kan, men er også avhengig av tilbakemeldingar frå de

heime slik at heimeundervisinga skal bli best mogeleg for den einskilde elev. Vi er merksame på at situasjonen krev endå meir individuell tilpassing, og er innstilte på det. Gi oss tilbakemelding, så får vi det til i lag!

Kontakt med skulen

Skuleleiing og kontorpersonale vil i hovudsak ha heimekontor, men det vil og vere personale tilgjengeleg på arbeidsstaden

For e-post, bruk denne adressa: volda.vgs@mr fylke.no Oppgi naudsynt kontaktinformasjon, og be om stadfesting av at e-posten er mottatt og lest.

Om det du vil formidle er at meir konfidensiell karakter, så kan du sende dette på e-post til rektor (trond.hjelseth@mr fylke.no), med kopi til assisterande rektor (jan.terje.eidset@mr fylke.no).

Kontaktinformasjon Volda vgs:

Telefon sentralbord: 71 28 23 00 / e-post: volda.vgs@mr fylke.no

Heimeside på internett: volda.vgs.no

Facebookside: [volda vidaregåande skule - off.side](https://www.facebook.com/volda.vidaregaaende.skule-off.side)

Kontaktinformasjon skuleleiing, med relevante ansvarsområde:

Rektor Trond Hjelseth: 90 70 71 46 / trond.hjelseth@mr fylke.no

Leiar lokal beredskapsgruppe og kontaktpunkt i høve alle involverte instansar.

Ass. rektor Jan Terje Eidset: 47 85 62 79 / jan.terje.eidset@mr fylke.no

Ansvarleg for timeplanlegging/overordna ansvarleg for organisering av læringsarbeidet.

Avdelingsleiar Jørund Fet: 41 27 65 48 / jorund.fet@mr fylke.no

Ansvarleg for trygging av vurderingsarbeidet og omlegging av prøveplanar/vurderingsplanar

Avdelingsleiar Kristin Bakke Sæterås: 91 56 97 05 / kristin.bakke.seteras@mr fylke.no

Ansvarleg for koordinering av all tilrettelegd opplæring.

Avdelingsleiar Lisbet Ose: 47 85 12 20 / lisbet.ose@mr fylke.no

Ansvarleg for vitnemål og eksamen

Avdelingsleiar Olav Trandal: 90 67 48 85 / olav.trandal@mr fylke.no

Ansvarleg for HMS, IT- og drift

Rådgjevarar (sosialpedagogisk rettleiing):

Randi Kalland: 41 41 12 02 / randi.kalland@mr fylke.no

Kristian Ingebrigtsen: 95 70 57 21 / kristian.soma.ingebrihtsen@mr fylke.no

14. mars 2020

Skuleleiinga ved Volda vidaregåande skule